



Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Lom
Dato:	24.06.2025
Tidspunkt:	17:00

Velkomen til det femte styremøtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2025.

Denne gongen er styremøtet ein del av studietur rundt Jostedalsbreen 23.06 - 25.06, der vi skal sjå på besøksforvalting og klimautfordringar i samband med verneområde. Vi skal mellom anna besøke Klimaparken 2469 ved Juvasshytta, så det er viktig med gode og varme kle og solid fottøy.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve 95794484 eller Tor Arne 90192471. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing,
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 20/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 22/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel i samband med hydrologiske undersøkingar og bremålingar - 2025-2028 - NVE		2025/9308
ST 23/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		

Orienteringssaker:

1. Status tiltaksplan
2. Opning Bøyabreen
3. Opning Tungestølen
4. Opning Breheimsenteret
5. Praktisk stikurs
6. Status sekretariat
7. Nytt frå SNO
8. Mediasaker sidan sist

ST 20/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 21/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/9308-1

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 12.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/25	24.06.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel i samband med hydrologiske undersøkingar og bremålingar - 2025-2028 - NVE

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, til NVE ved Hallgeir Elvehøy for å nytte helikopter og snøskuter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med oppdragsrelaterte og forskingsmessige hydrologiske undersøkingar, i perioden 2025 – 2028.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av snøskuter, samt flyging med helikopter lågare enn 300 m over bakken og landing på og ved Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen), i samband med NVE sine forskingsoppgåver.
- Motorferdsel skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei konsesjonspålagde forskingsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte, medrekna pårekneleg stell og vedlikehald av materiellet. Arbeidet skal planleggjast og samordnast slik at motortransport blir effektivt gjennomført.
- Køyninga skal avgrense seg til tider og trasear der det skapar lite uro, og slik at faren for terrengskade vert liten. Ved bruk av snøskuter skal ein følgje same rute slik at synlege snøskuterspor dekkjer minst mogleg areal.
- Motorferdsel skal ikkje føregå i helgane (laurdag og søndag). Om det er spesielle vertilhøve som tilseier at det er naudsynt å gjennomføre det på ein helgedag, skal nasjonalparkforvaltar kontaktast i forkant.
- Motorferdsel skal ikkje føregå på heilagdagar, påskeveka og andre offentlege fridagar.
- NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget. Dersom målestasjonar etc. blir tekne ned, skal plassen ryddast for det som måtte vere att av restar.



- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast seinast dagen før utreise. Ved særskilte høve kan nasjonalparkforvaltar utsette den motoriserte ferdsla.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha tilbakemelding etter kvar tur, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.
- Det skalførast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane.
- Køyrebok skal sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid løyve frå grunneigar og kommune også innhentast før motorferdsle skal skje.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad på e-post frå NVE ved Hallgeir Elvehøy, datert 14. mai 2025.
- Tidlegare løyve – datert 15.02.2021, sak 6/21.
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991.
- Naturmangfaldlova.

Søknaden:

Søknaden er sendt den 14. mai 2025 og signert NVE ved Hallgeir Elvehøy. NVE og forvaltar har også hatt kontakt over e-post. Søknaden gjeld fornying av tidlegare fleirårige løyver gitt til NVE av nasjonalparkstyret, den siste i sak 6/21 den 15.02.2021. Omsøkt periode er frå 2025 til og med 2028.

Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeld utføring av feltarbeid i samband med hydrologiske og glasiologiske undersøkingar på Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen). Hovudsakleg er målingane knytta til det som er pålagt Statkraft AS gjennom konsesjonane til Leirdøla og Jostedalen Kraftverk. NVE er utførar av målingane på oppdrag frå Statkraft AS. I tillegg jobbar NVE med generell overvaking av naturtilstanden til breane i Norge.

«Undersøkelsene omhandler:

- a) Massebalansemålinger på Nigardsbreen og Austdalsbreen*
- b) Andre typer overvåking eller målinger på Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen)*
- c) Målinger av sedimenttransporten i elva nedstrøms Nigardsbreen og pålagring på Nigardsbredeltaet»*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal handsame søknaden som omfattar aktiviteten innanfor nasjonalparken, medan Luster kommune vil handsame søknaden som omfattar Nigardsbreen naturreservat. Vidare i søknaden står det:



«Målingene på Nigardsbreen og Austdalsbreen omfatter massebalanse, frontposisjonendringer og brebevegelse.

Undersøkelsene på Baklibreen omfatter observasjon mht. faren for isras og tidvis målinger. Feltarbeidet på Stegholtbreen består i måling av frontposisjon, mens arbeidet ved Brimkjelen er begrenset til fotografering for å kunne dokumentere ev. endringer av bresjøen.

Feltarbeid nevnt under punkt a) vil normalt foregå i januar/februar (1-2 dager), april/mai (2-4 dager), juli/august (1-3 dager) og i september/oktober (1-3 dager).

For å kunne gjennomføre de glasiologiske målingene er NVE avhengig av å kunne fly lavere enn 300 m over bakken og foreta landinger med helikopter (Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Brimkjelen), og benytte snøskutere (Nigardsbreen og Austdalsbreen). Det vil også være behov for å plassere ut midlertidige og mer permanente måleinstrumenter, og sette ned fastbolter i fjell på og ved de nevnte breer.

Som følge av at breene over lengre tid har smeltet ned, vil det etter hvert dukke opp målestenger fra tidligere målinger på Tunsbergdalsbreen og Vetledalsbreen. Det kan bli nødvendig å bruke helikopter for å rydde opp i dette.

Bak denne søknaden ligger forståelsen fra NVE om at all virksomhet og ferdsel som er nevnt i søknaden skal foregå på en mest mulig skånsom måte. Ved bruk av helikopter og snøskuter skal NVE alltid varsle Nasjonalparkforvalteren for Jostedalsbreen nasjonalpark og/eller Statens naturoppsyn Luster, og da fortrinnsvis i forkant av arbeidet. Feltarbeid i Jostedalsbreen nasjonalpark rapporteres skriftlig til de samme instanser umiddelbart etter at arbeidet er avsluttet.

Ut over det som er skissert i denne søknaden foreligger det ingen planer om utvidelse av NVEs aktivitetsnivå for de neste fire årene i Jostedalsbreen nasjonalpark eller Nigardsbreen naturreservat.»

NVE har hatt fleirårig løyve til denne aktiviteten i flere periodar, seinast for perioden 2021-2024. Nasjonalparkforvaltar registrerer at NVE i denne perioden søker om monaleg færre dagar med motorferdsel i samband med sine undersøkingar enn førre periode.

Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitenskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

NVE sine undersøkingar gjeld for ein stor del konsesjonspålagde undersøkingar. Målingane har stor vitenskapleg interesse, m.a. i internasjonal klimasamanheng. Rundt Jostedalsskogen er det mange brear, som inntil for nokre år etter tusenårsskiftet var av dei få i verda som gjekk fram. Dei siste åra har fleire av breane gått sterkt tilbake. Målingane på og framfor breane har i verdssamanheng ei lang historie, på Nigardsbreen allereie frå 1962. Forvaltningsstyresmakta har også nytte av resultatane frå NVE sine undersøkingar.

NVE har på visse vilkår i fleire omgangar hatt fleirårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken. Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen), som tidlegare forvaltningsstyresmakt, har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt følt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar som er relevante for forvaltninga, vert stilt til rådvelde for både ålmenta og forvaltningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvaltningsplanen for Jostedalsskogen nasjonalpark.

Det er av samfunnsinteresse at det blir gjennomført overvaking og målingar på norske brear. Breane er viktige klimaindikatorar, og i dag ser ein tydeleg trend at breane smeltar. Som ein del av overvakinga, følgjer NVE også med på bredekte innsjøar kring breen. Desse kan potensielt gjere stor skade nedstrøms.

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsskogen nasjonalpark og miljøstatus.no og naturbase.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde). Områda består av bre, og område nær bre med lite vegetasjon. Den raudlista arten jerv er registrert i området, men er nok berre streifyr som nyttar breen som transportåre. Austdalsbreen er del av leveområdet til villreinen i Ottadalen villreinområde, og eit viktig trekkområde passerer over Austdalsbreen.

Tiltaka vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den negative påverknaden.

Nasjonalparkforvaltaren kjenner til at NVE har ein fast stasjon ved Steinmannen. NVE har tidlegare sendt over kart over ruter og måleinstrument i verneområdet.

Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaka i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Av omsyn til villreinen meiner nasjonalparkforvaltaren at det bør setjast vilkår om at aktivitet på Austdalsbreen kan utsetjast til eit seinare tidspunkt dersom det er kjent at det er villrein i



området som kan bli uroa av aktiviteten til NVE, jamfør nml § 12. NVE bør difor varsle forvaltninga eller Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen seinast dagen før motorisert ferdsel skal føregå. Forvaltninga bør kunne påleggje NVE å utsetje turen til villreinen ikkje lenger er i området.

§ 11 i naturmangfaldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren meiner difor at samla belastning av tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel (nml § 10). Etter nasjonalparkforvaltaren sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jamfør nml § 9. Av omsyn til folk som ferdist i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.

NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgane, og det bør ikkje gis dispensasjon til motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.

Nasjonalparkstyret plar gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå NVE også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.

ST 23/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker